

Referat frå styremøtet 08.05. 2009

Stad: Videokonferanse, Sogndal, Leikanger, Førde.

Deltakarar

Atle Hamar
Anne Karin Hamre
Anne Margrethe Alværn
Ivar Petter Grøtte
Stig Starheim
Øyvind Heimset Larsen
Yngve Hallen
Liv Bodil Baug
Petter Stenstadvold deltok for Sørensen (deltok og med teknisk oppfølging av treparts- videokonferanse)

Forfall:

Bjørn Normann Sørensen
Geir Grime

Møteleiar: Atle Hamar

Referent: Øyvind Heimset Larsen / Ivar Petter Grøtte

Sak 1. IT-forumkonferansen 2009 v/Yngve Hallen

Ein del er skjedd før første offisielle møte, som blir den 13. Mai. Då blir Hove med som har vore minst inne til no.

Viktige kontakter er gjort:

- Hallen har fått Marit Breivik til å sette av datoen. Ho er booka!
- Kjetil Siem slit ein litt med. Han skal vere i Norge veka før uansett, men det er likevel usikkert.
- VG har sagt at dei ønskjer å delta på dette
- Kontakta CRM-selskap Queen4- Hallen fortel om ein stor intern prosess i Sogndal Fotball og at dette bør vere av interesse for mange i fylket.

Hallen stiller spørsmål om kor tette rammene skal vere:

Forslaget startar klokka 12. den 23.september og legg opp til at skule-minikonferanse kan gå i forkant fram til lunsj kl 12 ons.23. Registrering likevel frå 11. Opning 1300.

- Planen er to hovudforedrag, ein parallellsesjon og eit stort foredrag første dag
- Andre dag er det lagt opp til tre foredrag. Obama-valkamp, norsk politikar og web2.0. Lunsj klokka 12
- Einaste parallellsesjon i framlegget er første dag. Ser at det kan vere lite, men einaste det kan vere plass til.

Debatt

Konferansen har mange og sprikande målgrupper. Vil kommunane føle det er nyttig å bruke tid på dette. Kommunane er matnyttig orientert. Skal vi denne gongen fokusere på teknologi?

Innspel på parallellsesjonar

- Gren4
- Sparebanken Vest og Sogn og Fjordane.

- Trykk for kommunane på skulesatsing.
- Innspel om å utfordre dei to store nettleverandørane om fiberutbygging i fylket. Relevant tema. Har vore oppe på eige seminar og årsmøte BBF på Skei.
- Fibersesjon kan kombinerast med teknisk sesjon for driftspersonar om det er ønskje om det.
- Integreerte operasjonar med base frå Florø ut mot Nordsjøen- Gaz de France. Mentometerknapper fungerte på NHO-konferansen og kan nyttast på Skei.
- Korleis tene pengar på web2.0? Forretningsmodellar og open source.

Mykje interessant innhald her: Mogeleg ein kan kutte eit hovudforedrag og ha to parallellsesjonar. Hallen ønskjer at administrasjonen på Vestlandsforskning deltek på den 13. med erfaring frå og kunnskap om praktisk gjennomføring av konferansen, og at Larsen deltek i tillegg til Grøtte for å representere skulekonferansen i forkant.

Marknadsføring

Vi har før informert brett både offentleg og privat og har eit trykk vidare inn mot konferansedato. Vanlegvis har det berre vore 60-70 deltakarar 14 dagar før. Vil difor ha programmet klart raskt etter den 13.

Viktig å selje moglegheiten for å møtast i tillegg til program. Ein skal marknadsføre dette som eit samlingspunkt og ein møteplass. Dag to er det tid etter 12. for dei som ønskjer eigne møte. Dialog med hotellet om gratis møtelokaler kan gjerast til eit salsargument.

- Må ha nyheitsbrev ut i juni. Programkomiteen treng e-postadresser. Med CRM-system kan dei så sjå kven som klikkar på nyheitsbrev vidare inn og ser på konferansen. Lettare å målrette ringing og kontakt. Green4 vil bidra med iver til å selje dersom dei likevel vert invitert.
 - Målrette mailar med tilpassa bodskap til utvalde grupper. Hallen ber om data frå IT-forum og NHO, med avtale. Medlemmar og tidlegare kundar har ein lov å sende til. Avsendar kan vere IT-forum og NHO. Rettighetsproblematikken vert føld opp av Yngve og Liv Bodil.
- 19.mai må e-post ut med tilpassa innhald. Epost med kort tekst med dato og stad og Marit Breivik. Trur mange ikkje har sett av datoane fordi vi har vore for seint ute.
 - Utsending på SMS er så mogeleg om ein opprette gruppe den 19.som folk kan melde seg på ved å klikke vidare frå eposten. Folk må først stadfeste at dei ønskjer å motta oppdateringar.
- Ein kan oppdatere nettsida med dato og keynotespeaker alt no.
- Lotteritilsynet kan sette av 14 dagar til telefonsal. Effekten frå fjordåret er usikker, det må god opplæring til og er ikkje lett å vere seljande på telefon.

Hotelldialog

Utstillarar skal ikkje parkerast på sidene. I år må dei vere midt i arealet der folk uansett oppheld seg. Komiteen må ha ei heil runde med hotellet. Logistikken og møterom rundt konferansen. Ein frå driftsgruppa må vere med i møte med hotellet for å unngå datatrøbbel.

Konferansen skal alltid bli god, men det vert kritisk å få gjort ein god salsjobb.

Sak 2 Status helseprosjektet ved Øyvind H. Larsen

Kort om prosjektet med totalramme 1,3 mill :

Hovudmål: *Prosjektet skal støtte vidare etablering av samordna IT-basert tenestetilbod i grensesnittet mellom kommunane og helseføretak i Sogn og Fjordane.* Hovudmålet er konkretisert gjennom eit sett av delmål som definerer aktivitetane i prosjektet. Delmål 1 og 2 er hovudaktivitetar første halvår. Delmål 3 og 4 er hovudaktivitetar etter sommaren.

- Delmål 1 – Meldingsformidling mellom legekantor og helseføretak: Skal sikre oppfølging av "Det nasjonale meldingsløftet" i Sogn og Fjordane gjennom samhandling mellom Helse Førde og Helse Vest og legekantor/kommunar.
- Delmål 2 – Legevakt samarbeid SYS Forprosjekt: 1) Etablering av elektronisk samhandling mellom Sunnfjord og ytre Sogn legevaksentral (SYS IKL), enkeltkommunar og Helse

Førde. 2) Pilot for utgreiing og utprøving av telemedisinsk kommunikasjonsløysing (video) mellom kommunane og SYS IKL.

- Delmål 3 – Meldingar som krev personleg PKI: Vidareføre meldingsløftet for meldingar som krev personleg PKI på legekantor til dømes sjukmelding til NAV og eResept til apotek (nården vert lansert). Nokre kommunar har innført meldingar mot NAV, døme Flora, Førdeog Luster, men ikkje alle kommunar/legekantor har dette.
- Delmål 4 – Meldingsformidling mellom legekantor, PLO og helseføretak – ELIN-K. Oppfølging/vidareføring av Elin-k prosjekta gjennom planlegging og pilotering av meldingstenester mellom helseføretak og kommunal pleie- og omsorg i Stryn med samarbeidande kommunar og Flora.
- I tillegg har VF midlar til prosjektleiing og til å arbeide med erfaringsoverføring mellom delaktivitetar og mellom kommunar.

Status delaktivitetar

For utgreiing om status, sjå vedlegg med referat frå prosjektmøte 27.03.09

Diskusjon:

Prosjektet melder at tekniske utfordringar er løyst og at utrulling i det viktige delprosjektet er godt i gong. Det vart stilt spørsmål ved om Norsk Helsenett faktisk er på plass i alle kommunane i Sogn. Dette vert fulgt opp i eHelsemøtet den 20.mai i Førde.

Prosjektet går opp løypa for elektroniske meldingar både teknisk og organisasjonsmessig gjennom utvikling av programvare og utarbeiding av kvalitetsrutiner og avtaleverk. Fylket er langt framme i høve til andre. Difor bør helseprosjektet gjerast til mediasak. Koordinering mellom Hamar og Bolstad er nødvendig fordi det er mange aktørar involvert og ei politisk sak om eigerskap til prosjektet der så mange bidreg.

Spørsmål om status for skuleprosjektet:

Prosjektet har som hovudmål å sikre at skuleverket i heile Sogn og Fjordane både kan oppfylle grunnleggande og pålagde krav om tilgang til IT i undervisninga og samtidig stimulere til at fylket kjem i fremste rekkje i bruk av IT i alle skuleslag. Prosjektet skal gjennom auka samarbeid innanfor og på tvers av skuleslag gjennomføre eit sett med utfyllande tiltak (delmål):

1. Etablere og sikre systemløysingar i dei svakast utbygde kommunane
2. Utvikle og etablere eit utval gode eksempel på innhaldsmodular tilpassa skulane i Sogn og Fjordane
3. Sikre brei kompetanseheving og mobilisering av brukarar over heile fylket; både lærarar, elevar og foreldre

Skuleprosjektet gjev konkrete gevinstar ved at

- kommunane i Sogn og Fjordane blir sett i stand til å oppfylle pålagde krav
- bruk av digital læringsplattform blir stimulert og samordna i heile fylket
- eit sett nye innhaldsmodular blir utvikla og stilt til rådvelde for alle interesserte
- interesserte fagpersonar blir stimulert til å utvikle gode eksempel for brei mobilisering
- utstyr og system etablert i tidlegare Høykomprosjekt blir tilgjengeleg for fleire
- informasjons- og opplæringsiltak blir tilbydd alle skular i fylket og skal gje ei samordna brei mobilisering for bruk av IT i skulane i fylket
- fylkeovergripande samarbeid mellom grunnskular, vidaregåande skular og høyskule blir stimulert.

Sjå elles vedlegg med status frå prosjektleiar Bratvold.

Sak 3. Ymse søknadsfristar, koordinering av initiativ v/ IPG

Årsmelding: Midlar til it-forum er godkjent.

Plan for Krd-midlar- 20 mill.

- So og seie alle husstandar har no breiband . Men det er juks på koparlinjene. BBF/Vi har lova plan på bruk av breibandsmidlar fram til hausten. Det må gå til fiberssatsingen eller til å rydde opp i kopar-feil. Møte med samferdsleministeren var for ei veke sidan. Det kjem til å kome meir midlar. Men leverandørar er vage. Det trengs grep for å kome vidare her.
- Eit grep kan vere å få ein strategiplan opp i hovudutvalet for plan og næring, som kunne vore presentert på IT-forum.
- IT-forum må få leverandørar på banen og presse dei til å seie så mykje som mogeleg. Elles må fokus vere fiber no.
- Tilbakemeldingar frå bedrifter må fangast opp for å sannsynleggjere behovet. Kartlegging.
- BBF kan få eit signal frå dette styremøte om kva som er vegen vidare. Offentleg sektor er viktig for å stimulere utbygging. Kva gjer aksen sogndal- leikanger?

BBF har fått ny leiar. Alf Olsen, representant frå Sogn, vart umiddelbart valt til ny leiar. Han deltek på planleggingsmøte måndag der tema er innspel til departement og koordinering fram til fornyingsmiddelfristen i juni. KS har og bede it-forum lage eit innspel. Kommunane ønskjer å arbeide meir internasjonalt. Dei vil både vere informert og engasjere seg meir. I tillegg kjem utlysing av midlar frå DIFI. 20%-støtte til samarbeidsprosjekt . Kommune LOS-samarbeid vil gjere seg nytte av dette og søkje fornyingsmidlar.

Det vert møte i Darra i Fjærland neste veke. Tema vert vidareføring av strategiar. Skulle ha vore noko av sakspapira til dette møtet. Det kjem i løpet av kort tid saman med oppsummering av årsmøtet.

Sak 4. Eventuelt

Neste møte: Fysisk møte med gjennomgang av strategiar, endeleg plan for konferansen: 18.juni. kl 0900

Gisle Hannemyr skal ha seminar på Campus. Bør profilere sterkt dette. Sjå heimesidene til IT-forum om dette og om presentasjonane til leverandørane av fiber.

Teknisk om videomøtet i dag. MCU som koordinerer samtalen er no på fylkeshuset. Den vert bytta til hausten, men ved bruk av ip og ikkje isdn fungerte trepartsmøtet i dag for første gong etter fleire skuffande opplevingar. Nyttig tips: Dersom nokon ønskjer å delta utan å ha video, so kan mobil nyttast for ein eller to til som ringer opp.